

# Årsmelding 2024

Sula sokn



**DEN NORSKE KYRKJA**

Sula sokn

---

*Dette dokumentet er ein årsrapport for arbeidet i Sula sokn i 2024. Rapporten er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast også fram for soknemøtet til vitande.*

*Årsrapporten søkjer å gje ei oversikt over aktiviteten i året som er gått, og ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend per no.*

*Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.*

---



Jan Erik Hovland  
Kyrkjeverje  
Sula sokn

# Innhald

<b>06</b>	SOKNERÅDET
<b>07</b>	UNDERUTVAL
<b>10</b>	KYRKJA SIN STAB
<b>12</b>	KYRKJEBYGG & KYRKJEGARDAR
<b>14</b>	KYRKJEJUBILEUM
<b>18</b>	STATISTIKK & NØKKELTAL
<b>20</b>	SOKNEPRESTEN
<b>22</b>	DIAKONI
<b>27</b>	TRUSOPPLÆRING
<b>30</b>	SAMARBEID SKULE/BARNEHAGE
<b>32</b>	KYRKJEMUSIKK
<b>34</b>	ØKONOMI

# Tru

For av nåde er de frelste, ved tru.  
Det er ikkje dykkar eige verk, det  
er Guds gåve.

*Efesarane 8,2*



Foto: Helene Moe Stimming

# Soknerådet

## Sula sokn

### **Soknerådet har i 2024 bestått av desse medlemmane:**

Mari Kristin Blindheim | Adelheid Joan Nesje Dybvik | Johan Mindor Indrevåg | Sogni Margrete Grøndal | Lisbeth Båtnes Hareide | Olav Christian Rønneberg | Anne-Berit Salen | Silje Aannø.

Soknepresten i Sula Anders Barstad er fast medlem av rådet, med vikarprest Stine Margrethe Lerheim som personleg vara.

### **Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge):**

Cecilie Sæther | Markus Aarsund Nygård  
Jarle Sæterstøl | Eivind Kåre Sørheim.

**Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova har vore Jim-Arve Røssevoll, med Vibeke Bjørkavåg som personleg vara.**

**Mari Kristin Blindheim vart vald til leiar i soknerådet for 2024, og Olav Christian Rønneberg nestleiar.**

06

# Underutval

## Sula sokneråd

- Administrasjonsutval
- Arbeidsutval
- Forhandlingsutval
- Diakoniutval
- Barne- og familieutval
- Gudsteneste- og kulturutval
- Kyrkje- og kyrkjegardsutval
- Økonomiutval

I tillegg har soknerådet representanter i:

**Kirkens Nødhjelp:**

Adelheid Dybvik

**Kirkens SOS:**

Olav Christian Rønneberg

**Kirkens bymisjon, Møre:**

Anne-Berit Salen

# Møter

## i soknerådet

Soknerådet hadde 9 møter i 2024, og behandla 66 saker. Det vart halden årleg soknemøte 28. april, med mellom anna framlegg av årsmeldinga for 2023.

# Likestilling

## i soknerådet

Soknerådet har som mål å arbeide aktivt for å fremja likestilling og hindre diskriminering.

I soknerådet som styrande organ er det 10 faste medlemmar (9 folkevalde, der ein er utnemnt bland politikarane i kommunestyret). Av dei faste medlemmane var det 4 menn og 6 kvinner.

Det er 4 menn og 3 kvinner tilsett i Sula sokn. Ei av kvinnene har deltidsstilling.

08



# Endringar

## og vakanser i staben

Det har vore nokre endringar i staben i løpet av 2024. Kyrkjetenar Harald Inge Haagenen fann seg anna arbeid på vårparten, og i august kom Daniel Andreassen inn i den stillinga. Stine Lerheim har studiepermisjon i 40%, og frå oktober vart den utvida til 80% med mål om å fullføre presteutdanninga sommaren 2025. Det har ikkje vore inne nokon fast vikar for Stine, men har blitt løyst med prostiprestetenester og vikarar.

Kyrkjevevje Jan Erik Hovland har også i 2024 vore i snitt 50% sjukemeldt. Konstituering av konsulent Monica Blom-Welle Eikrem som dagleg leiar i soknet har halde fram gjennom heile året, med ansvar for mellom anna personalleiinga og dagleg drift i verksemda.

Det har òg vore vakansar i stillingane som kyrkjelydspedagog og diakon i løpet av året. Lars Håvard Eikrem har bidratt i barnekora, konfirmant- og trusopplæringsarbeidet i ei lita stilling, medan Therese Brungot har vore tilsett som vikar for diakonen i 25-50 %, med hovudansvar for mellom anna babysong og kyrkjeklubben.

Geir Harald Eikrem kom tilbake i sine vanlege stillingar i mars etter eitt års pause.

# Kyrkja sin stab

## Sula sokn

Soknerådet har ansvar for 7 stillingar fordelt på 6,8 årsverk. I tillegg er det 2 prestar fordelt på 1,8 årsverk som gjer teneste i soknet. Desse er tilsett av Møre bispedømme for teneste i Nordre Sunnmøre prosti.

Ved utgangen av 2024 er desse fast tilsett til teneste i Sula kyrkjelyd:

Sokneprest	-	Anders Barstad
Prestevikar	-	Stine Margrethe Lerheim
Kantor	-	Håvard Sveås
Organist (25%)	-	Geir Harald Eikrem
Kyrkjelydspedagog (75%)	-	Geir Harald Eikrem
Kateket	-	Anne Marie Sødal
Konsulent (80%)	-	Monica Blom-Welle Eikrem
Diakon	-	Ingvild Snipsøyr
Kyrkjetenar	-	Daniel Andreassen
Kyrkjeverje	-	Jan Erik Hovland

# 10



Staben i Sula sokn 2024:

Øverst frå venstre: Lars Håvard Eikrem, Daniel Andreassen, Anders Barstad, Håvard Sveås og Ingvild Snipsøyr. Fremst frå venstre: Therese Brungot, Geir Harald Eikrem, Anne Marie Sødal, Monica Blom-Welle Eikrem, Jan Erik Hovland og Stine Margrethe Lerheim (innfeldt).

# Kyrkjebygg og kyrkjegardar

**I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2024.**

**Indre Sula kyrkje - ny veg og parkeringsplass** I 2024 vart det kommunale prosjektet med ny veg til m.a. kyrkja slutført. Det vart også bygd ein ny parkeringsplass nærare kyrkjegarden. Parkeringsplassen ved kyrkja vart også lagt om litt, og det vart lagt ny asfalt.

Bedet utanfor Indre Sula kyrkje vart rydda sommaren 2024.

**Minnesmerke namna minnelund** Felles minnesmerke på namna minnelund på Indre Sula kyrkjegard vart heller ikkje i 2024 ferdigstilt, då kommunen ikkje ville løyve midlar utan om den årlege budsjett-saka. Arbeidet held fram i 2025.

**Langevåg kyrkje** Det vart ikkje gjort store endringar i Langevåg kyrkje, men på kyrkjegarden vart arbeidet med ei utviding av kyrkjegarden starta opp før jul. Arbeidet held fram i 2025, med tanke på byggestart i 2026.

I etterkant av semesterstartgudstenesta Klar!Ferdig!Gå! på hausten, vart det ein vasslekkasje på avlaupsrøyret i Langevåg kyrkja. Lekkasjen vart heldigvis oppdaga raskt, og skadeomfanget vart avgrensa. Det var likevel kostbart å utbetre dei gamle avlaupsrøyra, men Sula kommune gav ei ekstra løyve til arbeidet.

Kommuna har sett ut nye avfallsstasjonar ved kyrkjegardane både i Langevåg og Indre Sula.



**Dugnadsgjengen “Venner av Langevåg kyrkje”** Dugnadsgjengen «Venner av Langevåg kyrkje» heldt fram med sitt arbeid, der mykje har handla om skoging og rydding av krattskog ved kapellet, og bjørketre i austre del av kyrkjegarden. Minnesmerke for falne under andre verdskrig fekk ei flott oppgradering med belysning.

Det vart også gjort synfaring med ein arborist som gav råd om bevaring og felling av tre rundt Langevåg kyrkje, der mange tre har vakse seg så store at dei skjermar og skjuler den flotte kyrkja vår. Fellinga står dugnadsgjengen for og den vil skje i 2025.

**Vi er svært takksame for arbeidet til dugnadsgjengen – som gjerne tek imot fleire folk i det sosiale arbeidet.**

# Kyrkjejubileum

**19. og 20. oktober 2024 kunne vi nok ein gong markere kyrkjejubileum for ein av kyrkjene våre.**

Denne gongen var det Indre Sula kyrkje som vart 40 år. Jubileet vart markert m.a med stor jubileumskonsert med barnekora våre Blessing og BigBless, og med nabokoret Tusenfryd frå Emblem bedehus. Det vart ein flott laurdagskveld i kyrkja, med påfølgjande pølsefest som høyrer til på ein bursdagsmarkering.

Søndagen vart det jubileumsgudsteneste med stor kyrkjekaffi og helsingar frå ordførar, prost og nokre velvalde ord frå gjenlevande personar frå byggenemnda. Ein filmsnutt frå vigslingsarrangementa vart også vist fram. Heldige er vi som har så flotte kyrkjer i soknet vårt.









# Håp

Må Gud som gjer håp, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på håp ved Den heilage andens kraft.

*Romarane 15,13*

# Statistikk

2024

18

NØKKELTAL	2024	2023	2022	2021	2020	2019
<i>Døpte born i alt</i>	<b>68</b>	<b>64</b>	<b>65</b>	<b>60</b>	<b>53</b>	<b>58</b>
<i>Fødde i Sula kom.*</i>	<b>107</b>	<b>95</b>	<b>94</b>	<b>97</b>	<b>101</b>	<b>91</b>
<i>Døpte av folketal %</i>	<b>63%</b>	<b>67%</b>	<b>69%</b>	<b>61%</b>	<b>52%</b>	<b>71%</b>
<i>Vigsler</i>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>10</b>	<b>9</b>	<b>11</b>
<i>Gravferder</i>	<b>63</b>	<b>52</b>	<b>62</b>	<b>69</b>	<b>68</b>	<b>60</b>
<i>Gudstenester i alt</i>	<b>93</b>	<b>92</b>	<b>91</b>	<b>83</b>	<b>65</b>	<b>99</b>
<i>Gj. snitt gudst. deltaking</i>	<b>114</b>	<b>99</b>	<b>105</b>	<b>61</b>	<b>66</b>	<b>120</b>
<i>Totalt deltakarar gudst.</i>	<b>10656</b>	<b>9113</b>	<b>9621</b>	<b>5039</b>	<b>4298</b>	<b>11916</b>
<i>Totalt deltaking nattverd</i>	<b>1949</b>	<b>1799</b>	<b>1910</b>	<b>810</b>	<b>1438</b>	<b>2629</b>
<i>Snitt-tal nattverd</i>	<b>32</b>	<b>32</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>38</b>	<b>45</b>
<i>Konfirmantar</i>	<b>112</b>	<b>80</b>	<b>97</b>	<b>96</b>	<b>88</b>	<b>98</b>
<i>15 åringar i Sula kommune*</i>	<b>116</b>	<b>130</b>	<b>137</b>	<b>121</b>	<b>126</b>	<b>114</b>
<i>Innmeldingar</i>	<b>5</b>	<b>12</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>1</b>	<b>6</b>
<i>Utmeldingar</i>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>25</b>	<b>36</b>	<b>26</b>	<b>22</b>
<i>Medlemmar</i>	<b>6991</b>	<b>7007</b>	<b>6987</b>	<b>6978</b>	<b>7015</b>	<b>7049</b>
<i>Folketal i Sula kommune**</i>	<b>9759</b>	<b>9720</b>	<b>9636</b>	<b>9547</b>	<b>9409</b>	<b>9310</b>
<i>Medlemsprosent av folketalet</i>	<b>72%</b>	<b>72%</b>	<b>72%</b>	<b>73%</b>	<b>74%</b>	<b>75%</b>

\* = Kjelde SSB. \*\* = Folketal ved 31. desember aktuelle år.

# Soknepresten

**Talet på gudstenester er ein fleire enn i 2023. Totalt antal gudstenestedeltakarar har gått ein del opp, nestan 15 %. Dette er gledeleg. En god del av dette forklarast av at antal konfirmantar var høgare i 2024 enn i 2023, og noko av at der var litt fleire born og unge på barnehage- og skulegudstenester. Det er fortsatt et stykke fram til deltakinga før pandemien. Også nattverdssøkinga auka ein del. Det er gledeleg at terskelen for å gå til nattverd held fram med å gå ned.**

Elles ser vi ei positiv utvikling på julaftan-gudstenestene, som er gledeleg. Eit anna tilskot til gudstenestene, er HEIL-gudstenestene, som blir arrangert i samarbeid med kyrkjeklubben. HEIL-gudstenester er tufta på eit konsept der alle skal kunne delta, uavhengig av funksjonsnivå og språkkunnskap.

Vi kjem til å fortsette å jobbe med å gjere gudstenestene gode og tilgjengelege. I 2024 starta vi arbeidet med at alle gudstenester skal ha eit tema. Vi trur at dette gir kvar gudsteneste ei større meining, gir retning for arbeidet og noko vi kjem til å fortsette med.

Antalet døypte barn er nokså stabilt, men litt auka i forhold til 2024.

På oppfordring frå soknerådet, har vi i inneverande arbeidsår (2024-25) lagt opp til 3 nye utegudstenester. Den eine av desse blei feira på Nausthaugen i haust. Dei andre er planlagt våren 2025.

# 20



Det er verdt å nemne, at God Kveld – gudstenestene i Indre Sula kyrkje held fram, og at vi de fleste gongane har med ein gjest. Hausten 2024, og inn i 2025, har vi fått samtalt om 'barnetru' med gjestane.

Grunna manglande ekstern finansiering, fekk vi dessverre ikkje høve til å arrangere tverrfaglege arrangement i 2024.

Antal gravferder er nokså stabilt frå år til år, men det er gledeleg at Sulafolket held fram med å møte opp i stort antal, for å ta farvel med dei avlidne. Deltakinga er litt opp i gjennomsnitt, i høve til 2023.

Vi treng framleis å fokusere på utvalsarbeidet, det blir ei viktig oppgåve også i 2025.

Soknepresten deltek i kommuna si kriseleiing, både når det gjeld øvingar og utarbeiding av kriseplanar

Prestskapet i Sula består no av soknepresten og prestevikar Stine Margrete Lerheim. Ho er prest under utdanning (PUU), og jobbar i 60%, ved sidan av å studere.

Anders Barstad  
Sokneprest i Sula sokn



# Kjærleik

Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.

*Johannes 13,34*

# 22

# Diakoni

«Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd»  
(Plan for diakoni, 2020)

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja.

## Nestekjærleik

Vi har hatt **institusjonsandakter** kvar torsdag på Sulatunet og annan kvar torsdag på Dagsenteret for eldre og Erindringscenteret. Dette er eit samarbeid mellom staben i Sula sokn og pastorar i Frikirka Sula og Salem, etter ein oppsett turnus. Dette året er det pastor i pinsemenigheta Salem som har delteke i turnusen. 2.påskedag og 2.juledag vart det halde gudsteneste m/nattverd på Sulatunet.

Dette er viktige diakonale tilbod, og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen. Vi har også ei utegudsteneste 2. pinsedag på Tusenårsplassen. Dette er ei diakonal gudsteneste som også gir eit tilbod for bebuarane på Sulatun å vere med på.

Vi hadde **Minnegudsteneste** i Langevåg kyrkje søndag i romjula. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar og der dei aktivt deltek i gudstenesta. Her får vi gjennom ord og tonar minnast dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året, ved at vi les opp namna deira.

Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleiinga og kommunen sitt psykososiale **kriseteam**. Andre kommunale samarbeid som kyrkja er ein del av har i 2024 ikkje vore i aktivitet.

## Inkluderande felleskap

Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande felleskap for ulike grupper.

- **Kyrkjeklubben** er ei tilrettelagt samling for menneske med ulike funksjonsnedsettingar, og dei har ei samling i månaden.
- Vi har i 2024 utarbeida ei ny type gudsteneste, som vi har kalla **HEIL-gudsteneste**. Denne gudstenesta legg til rette for gudstenesteinvolvering og gudstenestedeltaking uansett funksjonsnivå. Ei av målgruppene er dei som deltek på kyrkjeklubben, og vi har derfor brukt ulike delar av dette opplegget både på samlingane der og på HEIL-gudstenestene. Dette skaper gjenkjenning og inkludering i det nye tiltaket. Vi hadde ei gudsteneste våren 2024 der vi testa ut denne typen gudsteneste på ei kyrkje-klubbsamling. På hausten hadde vi ei gudsteneste som var open for alle. Dette er eit viktig inkluderingsiltak i gudstenestene våre, og vi arbeider med vidareutvikling av dette tiltaket.
- **Språkkafé** på biblioteket er eit tilbod til innvandrar som ynskjer å bli integrert og lære betre norsk. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Samlingane er ca. 1 gong i månaden på biblioteket og er eit godt fungerande integreringstiltak i Sula. Brukartilbakemeldingar viser at dette er ein viktig arena for integrering i kommunen.
- **Kyrjekaffi** ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Eit viktig diakonalt tiltak for å skape felleskap knytt til gudstenestene våre.

**Fellesskap for born og unge** som **babysong** og **barnekor** har vore populære aktivitetar også i år. Vi har hatt tilbod om babysang både vår og haust i 2024. Dette er eit viktig felleskap som vi ynskjer å kunne tilby til foreldre og born som er heime i fødselspermisjon.

I 2024 var det 52 born innom dette tiltaket som også involverer minimum ein føreset.



Barnekoret er eit stort og viktig kontinuerlig arbeid for born i kyrkjelyden vår som diakon er involvert i. Ved utgangen av 2024 var det ca. 30 barn innmelde i Blessing og ca. 20 tweens i BigBless.

## Vern om skaparverket og kampen for rettferd

**Misjonsprosjektet** vårt i Sula kyrkjelyd har vore kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustame i Estland. Dette misjonsprosjektet har vi hatt ei stund og vi ser no at dette har gjort det mulig for dei å vekse og drive eit stort arbeid. Misjonsforeininga Ester er her ein viktig del av dette arbeidet og dei har hatt faste møter i Langevåg kyrkje og samla inn midlar til misjonsprosjektet i Estland. Kyrkjelyden vår har i 2024 også gjennom takkeoffer på gudstenester og privat givarteneste samla inn midlar til dette misjonsprosjektet.



**Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på reint vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. Pengane vart i år samla inn gjennom ein dør-til-dør -aksjon. I 2024 vart det samla inn 131. 894 kr til årets aksjon gjennom dør-til-dør-aksjon, gudstenesteoffer og vipps. Dette er eit kjempebra resultat, og ved godt oppmøte av konfirmantar og nokre frivillige som gjekk ei rode fekk vi dekt nesten alle rodene vi har. Tusen takk til alle konfirmantar, foreldre og frivillige som var med å gjere dette mogeleg.

## Diakoniutvalet

Diakoniutvalet i Sula sokn bestod i 2024 av Søgni Grøndal (leiar), Lisbeth Båtnes Hareide, Jorid Strømmand, Rigmor Matvik og Jessie Strand Fagervoll. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøyr med i utvalet. Uvalet har hatt ca 5 møter i 2024, med fokus på gjennomføring av faste tiltak gjennom året og arbeidet med å finne nytt misjonsprosjekt for 2025.

Ingvild Snipsøyr  
Diakon, Sula kyrkjelyd



# Trusopplæring

2024 har vi fått gjennomført dei fleste av tiltaka i planen, med unntak av nokre få tiltak. Vi merkar ein nedgang i påmelding og deltaking i høve trusopplæringstiltaka så her må vi arbeide med ein plan på korleis vi best skal nå målgruppa i åra som kjem.

## Ulike tiltak

På våren gjennomførte vi 1.klassesamling, gudstenester, Mesternes Mester og tårnagentsamling som vanleg. Tidsreisa vart avlyst.

**1.klassebok** vart gjennomført med både samling og gudsteneste i begge kyrkjene. Det var «berre» 18 deltakarar til saman, så her bør vi tenke litt nytt. Mesternes Mester (7.kl) var det 21 deltakarar på. Veldig kjekt. På Tårnagenthelga var det 31 deltakarar, men berre 13 av dei kom på gudstenesta på søndag, så her må vi tenke meir på korleis vi får dei med oss begge dagane.

**Klar! Ferdig! Gå!** Etter sommaren starta vi med Klar!Ferdig!Gå!-gudsteneste som nok ein gang var ein stor suksess trass i heftig regnver. Grunna flotte frivillige fekk vi både hoppeslott og jungeldyr inn i kyrkja. Eit flott arrangement der vi får vist fram litt av breidda av kyrkjelyden. Flott at både mange tilsette og frivillige er i sving her; det er vel det næraste vi kjem ein kyrkjelydens dag gjennom året. Både Blessing og BigBless var involvert, og det var 21 5-åringar og rundt 20 2.klassingar tilstades, i tillegg til mange andre barn og vaksne.

I oktober hadde vi to 4-årssamlingar og 4-årsgudstenester med tilsaman 31 stk. 4-åringar innom, som var ein nedgang frå året før.

Samlinga for 4.klassingane som vi har brukt å ha i november flytta vi til over jul.

**LysVaken** vart gjennomført med ein fin gjeng på 19 personar.

27



**Marknadsføring av tiltak** Vi ser at det er vanskeleg å nå gjennom for å få ut informasjon om tiltaka våre. Sjølv om vi sender ut brev, er det ein del som ikkje får det med seg. Det å ha foreldre som minner om tiltaka våre i foreldregrupper på facebook og slikt, er ofte til god hjelp. Så eit tips er kanskje å finne fleire foreldre å alliere oss med. Og elles vere flinke til å reklamere og snakke med folk.

Vi opplever at folk som kjem er godt nøgde med å vere med.

**Babysong** Gjennom heile året har det vore babysang i Langevåg kyrkje på måndag føremiddag. Therese Brungot har leia det. Det har vore 25 samlingar, og 3 av desse har vore på erindringscenteret. Gjennom året har heile 52 ulike babyar vore med. Det har vore 4-10 babyar per gong - som er kjempepositivt! Det kan vere lurt å tenke på når vi skal vurdere korleis trusopplæringa skal organiserast. Korleis kan vi få med desse vidare?

**Korarbeid** Blessing og BigBless feira 10-årsjubileum i 2023, og er no inne i sitt 12 år. Og korarbeid visar seg framleis som eit tiltak som får barn og unge innanfor kyrkjedøra; og med dei ein god del foreldre som får eit forhold til kyrkja.

Blessing opptrådte som vanleg på 1.klassegudsteneste i januar, og hadde overnatting i kyrkja og opptreden på Fiskarstrand bedehus i mars. Hausten 2024 starta det ikkje så mange nye 2.klassingar som vi har vore vane med, men det kom stadig nye til fram mot jul.

BigBless har i 2024 hatt det største medlemstalet nokon gong, og har no medlemmar frå 5.-9.klasse. Det ideelle hadde nok vore å ha eit eige tilbod frå 8.klasse og oppover, men foreløpig har det gått greitt å ha så stort alderspenn i koret. BigBless overnatta også i kyrkja og opptredde på Fiskarstrand bedehus i mars.

Høgdepunkta for begge kora var nok konserten vi arrangerte i høve 40-års jubileet til Indre Sula kyrkje. Her hadde vi invitert Tusenfryd frå Emblem bedehus, og hadde ein flott konsert i lag med fullsett kyrkje. Blessing opptredde også på jubileumsgudstensta, og korarbeidet fekk fortent mykje skryt denne helga.

29



## **Samarbeid mellom kyrkja - barnehagar og skulane**

Våren 24 hadde vi påskevandringar med dei eldste i barnehagane og før jul hadde vi julevandringar. Vi hadde også gudstenester for alle barnehagane til jul. Nokre av barnehagane laga englar som vi pyntar med i kyrkja. Alle skulane var også på julegudstenester dei to siste skuledagane før jul.

I tillegg har vi også hatt skuleklassar på besøk i Langevåg kyrkje. Vi opplever at vi har eit godt samarbeid med både skule og barnehagar. Og så ønskjer vi på sikt å legge ei plan saman med skulane for arbeidet, så det ikkje blir tilfeldige besøk, men at vi har gode tema å tilby som passar inn i planane til skulen.

**Konfirmantar** Våren 24 hadde vi rekordmange 112 konfirmantar. Og hausten 24 starta 111 nye 9.klassingar som konfirmantar hos oss. Vi drog på leir med 30 konfirmantar og 1 ungdomsleiar frå Vg2. Alle konfirmantane var også med på nattcup i Sparebanken Møre Arena saman med konfirmantar i Ålesund. Ein kveld som var kjekk for dei aller fleste. Elles har det vore «vanlege» undervisningssamlingar i kyrkja etter skuletid i grupper.

Vi har mange konfirmantar for tida, grunna store elevkull, og det er framleis kyrkjeleg konfirmasjon som er den vanlegaste på Sula. Det er noko vi må forvalte med glede. Vi har lagt vekt på å vere to tilsette til stades på alle gruppesamlingane dette året, fordi vi opplever at det kan vere veldig krevande å ha konfirmantar aleine, og at det er ein tryggleik for både konfirmantane og oss å vere fleire.



# Kyrkjemusikk

**Matpakkekonsertane** har vore ein suksess også i 2024.

I tillegg til nokre konsertar med kantor Sveås åleine har Miki Campins spelt perkusjon, Kåre Nymark trompet, Sarah og Simon Sveås har spelt piano, og Tricia Boutté-Langlo og Jan Erik Hovland har sunge. Eit særleg høgdepunkt var konserten med Tricia Boutté-Langlo, der 2. trinnet frå Langevåg skule tok turen innom i tillegg til bra oppmøte elles slik at det var nesten 200 menneske i kyrkja midt på ein onsdag!

**Musikalske messer** Det har vore musikalske messer med mellom anna barnemusikalsk messe der Blessing og Miki Campins (perkusjon) gleda kyrkjelyden med flott song og musikk, ei med salmar som tema der Siri Godø Wiik og René Wiik tok del med strålande saksofonspel på nyarrangerte salmar, orgelimprovisasjon på langfredag, Voxing i ny runde med salmetema saman med Siri Godø Wiik og Askjell Molvær før Ola Eide og Viggo Solum (tema Jobs bok, med Jobsuiten av Egil Hovland) runda av på den siste musikalske messa i november.

**Konsertar** Av konsertar har det også i år vore mykje flott i kyrkjene på Sula. Kulturskulen har hatt både pianokonsert og julekonserten “Stjerneskimmer” i løpet av året, Langevåg musikkorps har hatt kyrkjekonsert, Emil Solli-Tangen med til saman over 600 menneske på to julekonsertar, SKRUK med ein verkeleg kvalitetsmessig flott julekonsert, Naturen syng sin julekonsert i tillegg til ein stemningsfull julesongkveld siste søndag før jul. På julaftan var 8 år gamle Hannah Sveås solist på gudstenestene i Langevåg, og på 1. juledag var, tradisjonen tru, enda ein gong Sula Trad Band med.

# 32





I samband med 40-årsjubiléet til Indre Sula kyrkje heldt Blessing, Big Bless og Tusenfryd (frå Emblem) konsert dagen før jubileumsgudstenesta. Blessing og Big Bless har elles også vore med i fleire av gudstenestene og på andre arrangement på Sula, under trygg musikalsk leining av Geir Harald Eikrem.

Elles er kantor aktiv med musikalsk deltaking i andaktene på eldreinstitusjonane, Syng med oss og sangstunder på Molvær senter, og i gravferder, vigsler og gudstenester i soknet.

Takk til alle som stiller opp og gir oss flotte musikalske opplevingar i kyrkjene på Sula, og til alle som kjem og høyrer på eller syng saman med oss!

Langevåg, januar 2024  
kantor Håvard



# Økonomi

Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommuna, og vert fastsatt i soknerådet

## Resultat

Då 2023 vart avslutta med eit meirforbruk, der det eigentleg kunne vore enno verre, sat soknerådet i gang eit arbeid i 2024 for å sjå på moglege innsparingstiltak. Først eit stykke ut på hausten vart dei aktuelle tiltaka vedtatt i soknerådet. Dermed vart ikkje effekten for driftsåret 2024 så stor, men for dei neste åra vil vi truleg sjå ut til å klare oss – utan alt for inngrepande tiltak. Dette er sjølvsagt avhengig av at kommunen held oppe same grad av finansiering som vi har i dag.

Driftsåret 2024 vart i stor grad berga av vakansar og sjukemeldingar, som førte til reduserte personalkostnader til forskjell for ein normal driftssituasjon. Det økonomiske grunnlaget kjem i hovudsak gjennom tilskot frå kommunen, heimla i Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 3 og Lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) § 14.

Tilskotet til drift frå kommunen i 2024 var kr 5.246.162, der kr 100.000 utgjer eit ekstraordinært tilskot til vass-skada i Langevåg kyrkje. Soknet hadde også andre driftsinntekter på kr 2.936.000. Desse omhandla festeavgifter og betaling for gravstell på kyrkjegardane, utleige til konsertar, tilskot frå bispedømet til løn til diakon-stillinga og trusopplæring, sjukelønsrefusjonar/overføringar, mva-kompensasjon, og gudstenesteoffer og andre gåver gitt til kyrkjelydsarbeidet.

Driftsrekneskapen er avslutta i balanse, men då er ikkje meirforbruket frå 2023 fullt ut inndekt, og vel kr. 72.000 skal først opp til dekning i 2025 og skal behandlast i soknerådet.

Ved årsavslutninga har soknerådet eit disposisjonsfond på kr 138.000, og andre fond bundne til forskjellige formål på til saman kr 4.448.000. 3,1 millionar av desse har som formål nytt kyrkjelydssenter i Langevåg.

Årsrekneskapen vert oversendt revisor, som vil gje si revisjonsmelding innan 1. mai.

## **Kyrkjeverja om vegen vidare**

Hausten 2024 vedtok soknerådet å starte opp ein strategiprosess. Målet med arbeidet er å finne ei felles retning for arbeidet, mål og visjonar som vi vonar vil motivere stab og frivillige i arbeidet, og skape engasjement i kyrkjelyden.

Arbeidet vert gjort av ei strategigruppe bestående av soknerådet, staben og nokre fleire frå kyrkjelyden, leia av direktør i KA Jens A. Bjelland. Kyrkjelyden vil bli oppdatert etter kvart som arbeidet utviklar seg. Visjon og verdier, og den heilskaplege strategiplanen vert vedtatt i soknerådet i juni 2025.

Etter nokre år med ein del utskifting i staben, sjukemeldingar og vakansar, og ikkje minst etter å ha fått feire kyrkjejubileum to år på rad og minnst den flotte historia vi får vere ein del av, vert det spanande å bruke tid det komande året på å stake ut kursen vi skal arbeide mot i tida framover. Eg håpar du som les dette, og kanskje kjenner deg heime i Sula kyrkjelyd, vil vere med på laget og ein del av fellesskapen.

Guds signing over tida framover.

Jan Erik Hovland  
kyrkjeverje



Årsmelding Sula sokn  
2024